



KUNNSKAPSDEPARTEMENTET
Postboks 8119 DEP
0032 OSLO

Svar på høyring om forslag til endringar i forskrift om opptak til høgre utdanning 19/3216

Vi visar til høyringbrev med vedlegg dagsett 28.juni 2019, kor Kunnskapsdepartementet innbyr høyringsinstansane til å gje sine innspel til høyring om forslag til endringar i forskrift om opptak til høgre utdanning. UiT Noregs arktiske universitet (UiT) takkar for invitasjonen og vil i det følgjande gje sine innspel.

Kapittel 2 Generell studiekompetanse

§ 2-2 Utanlandsk utdanning

UiT støttar Samordna opptak sitt forslag til endringar i andre ledd om at søkjarar med utanlandsk utdanningsbakgrunn også må ta munnleg Bergenstest i tillegg til den skriftlege for å få godkjend norsk.

Samordna opptak har også foreslått å fjerne moglegheiten til å dokumentere norsk ved å dokumentere norsk/nordisk på grunnskulenivå. UiT støttar forslaget, men er noko tvilande til forslag til ordlyd i dei foreslåtte endringane i tredje ledd. Med dei endringane som er foreslått meiner UiT at det vil åpne opp for tolkningar på kva som kan bli godteke som dokumentasjon på norskkunnskapar, noko som kan bli problematisk. UiT foreslår å fjerne tredje ledd frå forskrifta i sin heilheit. Alternativt ber UiT om at departementet kommer med føringar på kva som kan dokumentere tilstrekkelige norskkunnskapar, som ikkje allereie er nemnt i andre ledd.

UiT støttar forslaget om endringar som foreslått i fjerde ledd.

Kapittel 3 Unntak frå krav om generell studiekompetanse

§ 3-8 Unntak frå krav om generell studiekompetanse for opptak til studium i nautikk

UiT har ingen innvendingar mot forslaget.

Kapittel 4 Spesielle opptakskrav

§ 4-8 Spesielle opptakskrav til engelskspråklige utdanningsprogram

UiT støttar forslaget.

§ 4-10 Spesielle opptakskrav til diverse fag

UiT har ingen innvendingar mot forslaget.

Kapittel 7 Rangering

§ 7-2 Kvote for førstegongsvitnemål og ordinær kvote

UiT har ingen innvendingar mot forslaget.

§ 7-4 Poengberekning av søkjarar med meir enn eitt grunnlag for rangering og § 7-5 Karakterpoeng for søkjarar med 3-årig vidaregåande opplæring

UiT støttar forslaget.

§ 7-5 og 7-6 Karakterpoeng

UiT støttar forslaget.

§ 7-7 Karakterforbetringar

UiT støttar forslaget.

UiT sendte søknad om å få innføre krav om ein nedre poenggrense på 40 poeng som spesielt opptakskrav til profesjonsstudium i psykologi. Kunnskapsdepartementet har uttalt at dei ikkje vil innføre eit slikt krav då dei meiner at like studietilbod bør ha same opptakskrav. UiT tar dette til etterretning.

Samstundes ba UiT om oppretting av spesiell kvote for nordnorske søkjarar. Kunnskapsdepartementet har gitt tilbakemelding om at dette vil bli vurdert etter dialog med UiT. UiT avventer tilbakemelding frå departementet i denne saka.

Vennleg helsing

Heidi Adolfsen
avdelingsleiar

—

May-Liss Hestnes Mæhlum
opptaksleiar

—

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev ikkje signatur